



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 22.09.2016  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09:00 - 14:40

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	Ugild sak 051
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Frank Stian Steinsland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	Ugild sak 051
Sigmund Vikane	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	Permisjon frå kl 12.00, Vara innkalla, men kunne ikkje møte
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	Ugild sak 051
Svanhild Moberg Nordaas	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Frøydis Gullbrå	Kommuneoverlege		
Grete Urdal	styrar barnehage		
Jahn Olav Nordheim	rektor		
Margrethe Laastad Kvamme	pleie og omsorgsleiar		
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Ove Sæbø	Kultur- og utviklingssjef		
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

Saknr	Tittel
044/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
045/2016	Godkjenning av møtebok
046/2016	Referatsaker
047/2016	Orienteringssaker
048/2016	Risiko- og sårbarheitsanalyse for Modalen kommune
049/2016	Ny organisering av Reiselivsnæringa i Nordhordland - medlemskap i nye "Region Bergen Reiseliv"
050/2016	Selskapsavtale for IKA Hordaland - endringer
051/2016	Områdeplan Otterstad - Trohaug - Mulighetstudie

**Notat frå møtet:**

Etter lunsj var det 12 medlemmer til stades ved handsaming av sak 045- 051.  
Under sak 051 var det 9 medlemmer til stades grunna ugildskap.

Møtet vart lagt opp med slik program for dagen:

09.00 -10.00 **Overordna ROS-analyse** - Gjennomgang v/Magne Eikanger

10.00 - 12.00 **Budsjett 2017 - presentasjon frå einingsleiarar**

10.00 -10.15 Oddvin Neset - folketalsutvikling, sosial / flyktningar

10.15 -10.30 Margrethe Laastad Kvamme - pleie/omsorg

10.30 -10.45 Jahn Olav Nordheim - skule

10.45 -11.00 Ove Sæbø - kultur

11.00 - 11.15 Grete Urdal - barnehage

11.30 - 11.45 Frøydis Gullbrå - helsesetenester

11.45 - 12.00 Tone Selmer Skuggevik - teknisk

12.00 - 12.45 Lunsj - Mobryggja

13.00 - 13.15 Øivind Olsnes - økonomiske rammer / vidare prosess

13.20- 14.30 **Saker til handsaming** - jmf. innkalling

044/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

045/2016: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

046/2016: Referatsaker

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

---

047/2016: Orienteringssaker

Behandling:

**Utrasing av Fv 569 - Otterstad**

Ordførar orienterte om status for vøling av vegen og etablering av omkjøringsveg.

**Nordhordlandspakken**

Ordførar orienterte om at det er avsett 2 millionar til utbetring av vegen mellom Mo - Romarheim. Ulike innspel til tiltak drøfta.

Ordførar føl opp saka og sender inn framlegg til tiltak i brev til statens vegvesen.

**Skulebruksplan for vidaregåande skule**

Ordførar orienterte om regionrådet sitt arbeid i høve vidaregåande skule i Knarvik og Austrheim

**Møte med fylkesmannen - oppsummering av kommunereforma**

Ordførar gav ei kort orientering om dei signal som framkom i dette møtet.

**Småkraftpakka - synfaring med NVE**

Ordførar orienterte om planlagt synfaring  
Sigmund Vikane deltek under synfaring for NAMDALS-ELVA.  
Ordførar vurderer også å delta på nokre av synfaringane.  
Ordførar gjev tilbakemelding om deltaking til NVE

**Retur av landbruksplast**

Kjetil Eikefet orienterte om kontakt med NGIR om saka.  
Saka vil verte følgt opp av teknisk etat/landbrukskontoret

Samrøystes

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

048/2016: Risiko- og sårbarheitsanalyse for Modalen kommune

Behandling:

Magne Eikanger hadde ein gjennomgang av den overordna ROS-analysen først i møtet.

Samrøystes

**Vedtak:**

Kommunestyret vedtek *Risiko- og sårbarhetsanalysen for Modalen kommune* slik den ligg føre.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp ulike framlegg til tiltak for utbetringar gjennom den løpande drifta i kommunen og ved framlegg til budsjett- og økonomiplan for dei komande år.

---

049/2016: Ny organisering av Reiselivsnæringa i Nordhordland - medlemskap i nye "Region Bergen Reiseliv"

**Behandling:**

Rådmann orienterte om saka.

Samrøystes

**Vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek å organisera reiselivet i regionen ved å inngå ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og kommunane i Nordhordland (Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy) representert ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

2. Kommunestyret vedtek å gje årleg tilskot til Region Bergen Reiseliv i tråd med forslag til forretningsplan og saksgrunnlaget, med ein grunnsum på kr 20 000,- pr. år og i tillegg kr 14 pr. innbyggjar i 2017 og justert i samsvar med prisindeksen dei komande åra.

3. Samarbeidsavtale vert utarbeidd av Region Bergen Reiseliv og Nordhordland Utviklingsselskap IKS med grunnlag i forretningsplanen og vedtaka i kommunestyra. Samarbeidsavtalen vil bli lagt fram for kommunane før endeleg signering.

4. Denne avtalen gjeld frå 01.01.2017. Avtalen kan ikkje seiast opp i tidsrommet 01.01.2017 til 31.12.2019 utan at vesentlege føresetnader i denne avtalen vert brotne. Etter dette er det eit års oppseiingstid. Oppseiinga må skje seinast 31.12 året før.

5. Kommunestyret ser det som viktig med tydeleg nærvær lokalt. Region Bergen Reiseliv må vidareføre og styrke samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Region Bergen Reiseliv rapportar årleg til Nordhordland Utviklingsselskap IKS og kommunane.

6. Kommunane i Region Nordhordland og kommunane Fjell, Sund og Øygarden får ein representant i styret i Region Bergen Reiseliv.

---

050/2016: Selskapsavtale for IKA Hordaland - endringer

**Behandling:**

Ordførar orienterte om saka.

Samrøystes

**Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner Selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldande fra 1.1.2017.

---

051/2016: Områdeplan Otterstad - Trohaug - Mulighetstudie

**Behandling:**

Linda Neset er grunneigar i eit område ved Trohaugen. Kjetil Eikefet og Håvard Engeseth er svograr.

Alle erklært ugilde Fvl §6 a og b.

Under handsaminga var det 9 medlemar til stades.

I møtet vart det føreslege å endre første setning i første avsnitt frå: ...."området Trohauggruppa" ..... til: .... "området mellom Trohaug og "nyebrua" "....

Samrøystes vedteke med føreslege endring.

**Vedtak:**

Kommunestyret vedtek å utarbeide ein mulighetstudie for området mellom Trohaug og "nyebrua", som ein første fase i planlegginga av ein områdeplan for Otterstad – Trohaug. Konklusjonar frå mulighetstudien vert å nytta som grunnlag for den vidare planprosessen.

Formannskapet vert oppnemnd som styringsgruppe for planarbeidet. Grunna formannskapet si vurdering av habilitet i saka deltek følgjande i styringsruppa:

Ordfører Tom Kristian Thorsen, varordfører Kristin Nåmdal, Ann-Jorunn Farestveit, Frank Stian Steinsland og Liv Anne Aanesen.

Kommunestyret gjev administrasjonen i oppdrag å engasjere konsulent til planarbeidet og set som mål at arbeidet skal vere gjennomført innan 1. mai 2017.

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr 350.000 til planarbeidet som vert å finansiere ved bruk av avsette planmidlar i driftsbudsjettet for 2016 kr 150.000 og med tilleggsøyving kr 200.000 frå disposisjonsfondet.

---